

# Protokoll frå styremøte 18. juni 2020

<b>Til stades:</b>	Erik Ulfsby, Lodve Solholm, Eli Bjørhusdal, Terje Lohndal og Torunn Reksten
<b>Frå sekretariatet:</b>	Åse Wetås (direktør), Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar) og Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, S 29/20)
<b>Møtestad:</b>	Digitalt møterom ( <a href="https://whereby.com/sprakradet-1">https://whereby.com/sprakradet-1</a> )
<b>Møtetid:</b>	12:00–13:30
<b>Møteleiar:</b>	Ulfsby
<b>Referent:</b>	Kaldhussæter

Før handsaminga av den ordinære saklista, vitja den nye stabssjefen, Jo Inge Fisketjøn, styremøtet for å presentere seg.

## Sakliste styremøte

### Konstituering

S 21/20 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 22/20 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 14. februar 2020

### Informasjonssaker

S 23/20 Orienteringssaker v/ direktøren

S 24/20 Høyringar

S 25/20 Mediesaker

S 26/20 Frå fagråda

S 27/20 Riksrevisjonens årsrapport for 2019

### Vedtaksaker

S 28/20 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. mai 2020

S 29/20 Normeringssaker

S 30/20 Teiknspråkprisen 2020 – innstilling frå juryen

## Drøftingssaker

S 31/20 Nye og styrkte oppgaver for Språkrådet som ein konsekvens av språklova

S 32/20 Overordna retningsliner for risikostyring

S 33/20 Resultatmål 2021. Innspill til KUD

S 34/20 Eventuelt

## Konstituering

### **S 21/20 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 18. juni 2020

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

### **S 22/20 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 14. februar 2020**

Merknad: Regnskapssakene til styret er ordinære orienteringssaker gjennom året, og regnskapet skal til vedtaksbehandling på styrets første ordinære møte i året (februarmøtet).

**Sakspapir:** Framlegg til protokoll

**Vedtak:** Protokollen frå styremøtet 14. februar 2020 er godkjend.

## Informasjonssaker

### **S 23/20 Direktørens orientering**

**Sakspapir:** Ingen

Direktøren orienterte munnleg om mellom anna handteringa av koronapandemien i organisasjonen, Språkrådets faglege framdrift, den nylege organisasjonsendringa med etablering av stabsseksjon, og planane framover med blant anna implementering av den nye språklova. Språkdagen vil bli omgjort til eit strøymearrangement, men med noko publikum i salen.

### **S 24/20 Høyringar**

**Sakspapir:**

1. Høringssvar – rapport om særfinansiering av små humanistiske fag
2. Høringssvar – kjenneteikn på måloppnåing i norsk
3. Framlegg til endringar i forskrift om stadnamn
4. Innspill til arbeidet med gjennomgang og vurdering av regelverket for universiteter og høyskoler – ansvaret for norsk fagspråk
5. Høyringsfråsegn frå Språkrådet om NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

## **S 25/20 Mediesaker**

Direktøren kunne informere om at Språkrådet har klart å halde oppe merksemda kring organisasjonens arbeidsområde under koronapandemien, og at vi har hatt mange medieoppslag i perioden.

**Sakspapir:** Notat frå kommunikasjonsseksjonen og og medierapport frå Retriver

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

## **S 26/20 Frå fagråda**

**Sakspapir:** 1. Referat frå møte i fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning 28.2.2020

2. Referat frå møte i fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning 8.5.2020

3. Referat frå møte i fagrådet for stadnamn 6.5.2020

4. Referat frå møte i fagrådet for normering og språkoobservasjon 20.4.2020

5. Referat frå møte i fagrådet for skule og offentleg forvaltning 12.5.2020

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

## **S 27/20 Riksrevisjonens årsrapport for 2019**

Rapporten viser at det var ingen merknader til Språkrådets rekneskap for 2019 Det planlagde møtet mellom styret og Riksrevisjonen vart avlyst i denne omgang, fordi koronaepidemien gjorde at Riksrevisjonen ikkje hadde høve til å prioritera dette.

**Sakspapir:** Riksrevisjonens årsrapport for 2019

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

## **Vedtakssaker**

### **S 28/20 Regnskap og økonomisk situasjon per 1. juni 2020**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren og og regnskapsoppstilling

**Vedtak:** Styret tek rekneskapen per 1. juni 2020 til etterretning og bed direktøren om å gjere dei naudsynte budsjettendringane som situasjonen tilseier.

**S 29/20 Normerings saker**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

Framlegg frå fagrådet for normering og språkobservasjon

**Vedtak:**

- 1 a) Normeringa av dei følgjande substantiva blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedanfor viser:

substantiv	noverande norm i bokmål	noverande norm i nynorsk	framlegg til ny norm	
			bokmål	nynorsk
<i>host</i>	m/n	n	n	n
<i>hulk</i>	m/n	m/n	n	n
<i>ikon</i>	m/n	m/n	n	n
<i>fleip</i> 'spøk, ironi'	n	m	m	m
<i>holocaust</i>	m	m	m/n	m/n
<i>skabb</i> 'hudsjukdom, midd'	n	n	m	m

(m = hankjønn, n = inkjekjønn)

b) Normeringa av samansetjingar med substantiva nemnde i 1 a) som etterledd skal i kvart tilfelle følgje normeringa av grunnordet.

- 2 Normerte skrivemåtar i bokmål og nynorsk skal vere *hifi* og *wifi*. Begge orda skal bøyast som regelrette hankjønnsord.
- 3 Etter vedtak i styret blir endringane i punkt 1 og 2 registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på høveleg måte og ved høve oppførte i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.

## **S 30/20 Teiknspråkprisen 2020 – innstilling og grunngiving**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren, innstilling frå juryen (vedlegg 1) og gjeldande statuttar (vedlegg 2)

**Vedtak:** Ål folkehøgskole og kurscenter får Språkrådets teiknspråkpris for 2020.

## Drøftingssaker

### **S 31/20 Nye og styrkte oppgåver for Språkrådet som ein konsekvens av språklova**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren, Språkrådets budsjettsøknad 2021, notat til KUD 19.5.20 med prioriteringar i budsjettsøknaden

**Vedtak:** Styret bed Språkrådet følgje vidare opp arbeidet med å leggje til rette for nye og styrkte oppgåver ved innføringa av språklova.

### **S 31/20 Overordna retningsliner for risikostyring**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren, retningsliner vedtekne av Språkrådets styre 06.12.18

**Vedtak:** Styret bed direktøren følgje opp systemet for risikostyring i alle delar av Språkrådets arbeid, med utgangspunkt i dei overordna retningslinene for risikostyring.

### **S 32/20 Resultatmål 2021. Innspel til Kulturdepartementet**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren, Språkrådets mål 2020

**Vedtak:** Språkrådets framlegg til resultatmål for 2021 blir sende over til Kulturdepartementet.

### **S 33/20 Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

## Godkjenning

Protokoll frå møtet 18. juni 2020 er godkjend 8. oktober 2020

Erik Ulfsby

Torunn Reksten

Lodve Solholm

Eli Bjørhusdal

Terje Lohndal